Jølster kommune
6843 Skei i Jølster
tlf. 57 72 61 00
postmottak@jolster.kommune.no

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

| Vår ref | Dykkar ref | Arkiv | Dato |
|---|---|---|---|
| JSK 12/694 - 4 | 11/6412-58 | 243, N64 | 21.11.2013 |

## Søknad om omdisponering av tildelte midlar

Vi viser til dykkar brev av 02.10.2012, tilsegn om tilskot til breibandutbygging fase 8, der Jølster kommune fekk tildelt kr 2 00 000,- til utbygging av fiberbasert breiband i området Skei sentrum – Fossheim industriområde.

Etter at vi no har fått inn tilbod på utbygging, gjennom anbodsutlysing jfr. Lov om offentleg anskaffelse, ser vi at kostnaden med utbygginga i dette aktuelle området vert vesentleg lågare enn det vi hadde budsjettert med.

Vi søkjer av den grunn om å få disponere dei overskytande midlane til utbygging av fiberbasert breiband eit større område i Jølster kommune.

Med å få omdisponert overskytande tildelte midlar i tillegg 30% eigenandel, ser vi at vi kan få bygt ut fiberbasert breiband i storparten av Jølster kommune, og vi vil i første omgang prioritere området rundt Vassenden sentrum som er den delen av kommunen som har tettast befolkning. Hovudmålet er å få bygt ut fiberbasert breiband til heile kommunen, også til små grender og mindre tettstadar i Jølster kommune.

Ei evt. utbygging av eit større område vil sjølvsagt verte lyst ut på anbod etter Lov om offentleg anskaffelse.

Vi viser til rådmannen sitt framlegg til «10 på topp», der fiberutbygging er høgt prioritert. Vi ynskjer også eit samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune for å planleggje utbygging av fiber og høghastighet breiband for heile kommunen.

Med helsing

-Sign.-
Børge Tvedt
Rådmann

-Sign.-
Jorunn Skrede Klakegg
IKT-koordinator
57726144

Jølster kommune
6843 Skei i Jølster
tlf. 57 72 61 00
postmottak@jolster.kommune.no